



Innst. 180 L

(2011–2012)

Innstilling til Stortinget frå helse- og omsorgskomiteen

Prop. 29 L (2011–2012)

Innstilling frå helse- og omsorgskomiteen om endringar i helsepersonelloven og spesialisthelsetjenesteloven (endringar relatert til pliktig fråhald)

Til Stortinget

Samandrag

Proposisjonen inneheld forslag til endringar i helsepersonelloven. Endringane gjeld § 8 om pliktig fråhald og er ei tydeleggjering av det generelle forbodet mot å vere rusa i arbeidstida. Ved å endre ordlyden i § 8 slik det blir foreslått, kan det gjevast forskrift om at helsepersonell skal kunne påleggjast å avleggje rusprøve ved arbeidsstart i dei tilfelle der det er mistanke om at det har vore nytta rusmiddel før vedkomande kjem på jobb.

Vidare inneheld proposisjonen eit forslag om at helsepersonell med hjelp frå politiet skal kunne framstillast for prøvetaking i dei tilfella helsepersonellet nektar å avleggje prøver eller på anna vis forsømer å avleggje prøve. Forslag til endringar i helsepersonelloven § 8 var på høyring hausten 2010.

Lovforslaget handlar også om ei teknisk endring i spesialisthelsetjenesteloven § 2-3 om bruk av nemninga «nasjonale tjenester i spesialisthelsetjenesten». Framlegget til denne endringa var på høyring hausten 2010.

Forslaga får ikkje økonomiske eller administrative konsekvensar.

Merknader frå komiteen

Forslag til endring i helsepersonelloven § 8 om pliktig fråhald

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Jorodd Asphjell, Thomas Breen, Are Helseth, Tove Karoline Knutsen, Sonja Mandt og Wenche Olsen, fra Fremskrittspartiet, Jon Jæger Gåsvatn, Kari Kjønås Kjos og Per Arne Olsen, fra Høyre, lederen Bent Høie, Sonja Irene Sjøli og Erna Solberg, fra Sosialistisk Venstreparti, Geir-Ketil Hansen, fra Senterpartiet, Kjersti Toppe, og fra Kristelig Folkeparti, Laila Dåvøy, merker seg forslagene til endringer i lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven) i § 8 om pliktig avhold.

Komiteen er enig i forslaget til endring av § 8 og ser at denne vil bedre kontrollmulighetene og gjøre det lettere å avsløre rusmiddelbruk i helsevesenet. Komiteen mener det er grunn til bekymring at det hvert år behandles flere tilsynssaker mot helsepersonell når det gjelder bruk av rusmidler i tjenesten, til tross for at det både i helsepersonelloven og i arbeidsmiljøloven finnes regler om plikt for helsepersonell om rusfrihet i arbeidstiden.

Komiteen merker seg at helsepersonelloven i dag ikke gir hjemmel til å kunne pålegge helsepersonell å levere prøver ved mistanke om brudd på reglene om bruk av rusmidler i tjenesten, selv om § 8 tredje ledd i helsepersonelloven gir departementet rett til i forskrift å kunne gi slike regler. Komiteen registrerer at hjemmelen i arbeidsmiljøloven heller ikke dekker dette, og at den har en annen svakhet ved at den ikke omfatter helsepersonell som ikke er i et ansettelsesforhold.

Komiteen har merket seg at bruk av rusmidler også er den mest vanlige grunnen til tilbakekallelse av autorisasjon. Lovforslaget vil på bakgrunn av dette bidra til å styrke pasientsikkerheten og bidra til at tilliten til helsepersonell ikke svekkes.

Det er, slik komiteen ser det, bruk av rusmidler i arbeidstiden og før arbeidstidens start som kan være et problem, og at det kun er få tilfeller som blir avdekket. Komiteen merker seg at § 8 ikke gir Helsetilsynet hjemmel for å kreve at arbeidstaker testes for rusmiddelbruk ved mistanke, eller har hjemmel for reaksjoner dersom prøve ikke avgis frivillig.

Komiteen ser av hørings svarene at 44 av 62 høringsinstanser gir støtte til forslaget, og at kun 6 ikke gir støtte. 25 av instansene hadde særskilte kommentarer til forslaget om å utvide forskriftshjemmelen i § 8 til å pålegge prøvetaking og framstilling for prøvetaking ved hjelp av politiet i de tilfeller der helsepersonellet nekter å gi rusprøve.

Komiteen har spesielt merket seg Arbeidsdepartementets hørings svar, som tar opp spørsmålet om sanksjoner der misbruk er avslørt.

Komiteen er enig i at det er viktig at arbeidstaker følges opp i etterkant av en avsløring om misbruk, og at den ansatte eventuelt kan få andre oppgaver. Det er, slik komiteen ser det, en mulig risiko for å ta med seg misbruket til ny arbeidsplass, dersom det ikke gjøres tiltak der det er avslørt.

Komiteen merker seg også hørings svaret fra LO og Statens helsetilsyn. De mener endringen svekker personvernet og rettssikkerheten. Komiteen merker seg også Datatilsynets holdning om at det å nekte prøvetaking ved mistanke vil være det samme som positiv prøve. Datatilsynet mener dette er tilstrekkelig for eventuelt oppsigelse eller for å bli fratatt autorisasjon. Når det gjelder personvern og forholdet til personvernopplysningsloven, er komiteen enig i regjeringens vurderinger om at å sikre høy kvalitet på helsetjenester på en tryggest mulig måte må være det viktigste. Når det gjelder Datatilsynets svar, mener komiteen at hjemmelen innebærer at en arbeidstaker som nekter å avlegge prøve ved mistanke, skal kunne framstilles for prøvetaking ved hjelp av politiet, og at en slik framstilling både vil bekrefte og avsløre hva slags rusmiddel det dreier seg om. Dette er, etter det komiteen anser, nødvendig for en god oppfølging i etterkant. Komiteen viser i den forbindelse til det viktige arbeidet AKAN har, når det gjelder oppfølging av arbeidstakere med rus-

problemer, og mener at det er viktig å intensivere slike tiltak der misbruk er avslørt.

Komiteen vil understreke at ingen skal kunne pålegges prøvetaking i fritiden ved mistanke om bruk av rusmidler, men at dette kun skal kunne skje ved mistanke om ruspåvirket tilstand i arbeidstiden.

Komiteen støtter forslaget til endring i lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven) i § 8 om pliktig avhold.

Komiteens medlemmer frå Framstegspartiet deler intensjonen i framlegget og tiltaka som er skisserte. Det er spesielt viktig at det vert testa for alle typar rusmiddel, ikkje berre alkohol.

Det er likevel etter desse medlemene sitt syn naudsynt å sikre at personvernet vert teke tilstrekkelig i vare. Desse medlemene viser i den samanheng til høyringsuttalen frå Datatilsynet. Desse medlemene merkar seg Datatilsynets innspel om at omfanget av prøvetakinga ikkje må vere større enn naudsynt. Vidare er det viktig at personopplysningar i samband med testresultat vert handsama med varsemd, og at dei ikkje vert lagra lenger enn naudsynt.

Desse medlemene er av den oppfatning at ytterlegare testing enn det som skjer i dag, vil kunne medføre auka press på analysekapasiteten på dette området. I den samanheng viser desse medlemene til at det er velkjent for alle at det er for lang ventetid på resultat av slike testar. Dette gjeld kapasiteten både til sivilt bruk og i samband med etterforskning av lovbrøt. Desse medlemene meiner difor det er viktig at ein nyttar ledig analysekapasitet i Noreg, eksempelvis ved GENA i Rogaland. Desse medlemene viser i den samanheng til merknadar i Innst. 11 S (2011–2012)

Framlegg til endring i spesialisthelsetjenesteloven § 2-3 om lands- og fleirregionale funksjonar og marknadsføring av spesialisthelsetjenester

Komiteen registrerer at proposisjonen også inneholder forslag til en teknisk endring i spesialisthelsetjenesteloven § 2-3 når det gjelder bruk av benevnelsen «nasjonale tjenester i spesialisthelsetjenesten».

Komiteen ser at dette kun er en teknisk endring, som gir en tydeligere lov og forskrift. Komiteen merker seg at ingen av høringsinstansene har hatt bemerkninger til dette endringsforslaget, og bifaller derfor dette.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av ein samla komité.

Komiteen viser til proposisjonen og merkna-
dene og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak til lov

om endringar i helsepersonelloven og spesialisthelse-
tjenesteloven (endringar relatert til pliktig fråhald)

I

I lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v. blir
det gjort desse endringane:

§ 8 første ledd skal lyde:

Helsepersonell skal ikke innta *eller være påvirket*
av alkohol eller andre rusmidler i arbeidstiden.

§ 8 tredje ledd skal lyde:

Departementet kan i forskrift *gi bestemmelser*
om:

1. at helsepersonell skal kunne pålegges å avgi ut-
åndingsprøve, blodprøve eller lignende prøve
ved mistanke om overtredelse av første ledd,

2. forbud mot inntak av rusmidler i et nærmere be-
stemt tidsrom før tjenestetiden begynner, og
3. *at helsepersonell skal kunne bli fremstilt for prø-
vetaking med bistand fra politiet i de tilfellene
helsepersonell nekter, eller på annen måte unn-
drar seg, å avgi prøve.*

II

I lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten
m.m. blir det gjort desse endringane:

§ 2-3 skal lyde:

§ 2-3 *Departementets bestemmelser om nasjonale*
tjenester i spesialisthelsetjenesten og markedsføring
av spesialisthelsetjenester

Departementet kan ved forskrift eller i det enkel-
te tilfelle gi bestemmelser om:

1. *nasjonale tjenester i spesialisthelsetjenesten og*
2. *markedsføring av tjenester som omfattes av den-
ne loven, herunder forbud mot visse former for
markedsføring.*

III

Lova tek til å gjelde straks.

Oslo, i helse- og omsorgskomiteen, den 14. februar 2012

Bent Høie

leiar

Sonja Mandt

ordførar

